


Informasjonshefte til klassekontaktar ved Frøyland skule Skuleåret 2025-2026



Kunnskapsrik og fargerik

Elevane våre skal vera:

Trygge - på at dei vaksne ser dei og passar på

Raus – ved å inkludera alle og ta vare på kvarandre

Modige- til å stå opp for seg sjølv og hjelpa ein ven

Til klassekontaktane ved Frøyland skule

På Frøyland skule er me opptatt av at det skal vera eit godt samarbeid mellom føresette og skulen. Me vil ha god dialog, og skal legge til rette for at foreldrestemmen skal koma fram i ulike samarbeidsorgan og møter. Me ønsker at dei føresette skal oppleve at foreldremøta har eit godt og relevant innhald, og vil legge til rette for at de skal kunne ta opp tema som er viktige for dykk.

Du som er klassekontakt er ein viktig foreldrerepresentant i dette samarbeidet og me er takknemleg for at du har tatt oppdraget. Me ser fram til eit godt samarbeid.

Kva oppgåver har klassekontaktane?

- Klassekontakten er bindeleddet mellom foreldregruppa og FAU, og kan bidra med innspel til saker i FAU og vera foreldrestemma om FAU ber om det.
- Klassekontakten er og bindeleddet mellom foreldregruppa og skulen. Første kontaktnivå vil vanlegvis vera kontaktlærar.
- Du kan formidla føresette sine innspel og synspunkt til kontaktlærar, FAU eller rektor
- Som klassekontakt bør du ha god kontakt med foreldre i klassen, spør om innspel og ivareta deira interesse i møtet med skulen.
- Klassekontaktane planlegg foreldremøte på våren saman med kontaktlærarar
- Gje innspel til kontakt lærar; Kva synst dei føresette det er viktig å få informasjon om? Kva treng me som foreldregruppe å snakka om på foreldremøtet.
- Ta initiativ til sosiale arrangement for trinnet ein gong i året.
- Organisera foreldredeltakinga i arrangement, som til dømes 17.mai-feiring.
- Klassekontakten går i 17.maitoget med klassen.
- Sjå til at nokon tar kontakt med nye foreldre og elevar som begynner midt i skuleåret. Ein telefonsamtale kan bidra til at nye føresette føler seg velkomen og kan bidra til at dei kjem på foreldremøte
- Be kontaktlærar sende ut oppdaterte klasselister. Det er kontaktlærar som skal informera klassekontaktane om nye elevar/føresette.
- Vera føresette sin stemme inn i saker der skulen treng tilbakemelding frå foreldregruppa.
- Sjå til at det blir valt nye klassekontaktar (0.- 1.- 3.- og 5.-trinn) og at dei veit kva dei skal gjera.

Godt miljø i foreldregruppa gir ofte godt klassemiljø.

Godt samarbeid mellom skulen og føresette er viktig for eit godt skulemiljø.

Avgjerder/vedtak som FAU ved Frøyland skule har tatt for foreldresamarbeid på trinnet:

Vennegrupper:

Vedtak i FAU i 2009 om vennegrupper på Frøyland skule: Elevane på 1.-3.trinn er med i vennegrupper for å fremme vennskap og gode relasjonar på trinnet. Det er viktig at vennegruppa blir prioritert dei dagane i året det er. Føresette planlegg vennegruppa i foreldremøtet om hausten.

Fødselsdagar:

Følgjande gjeld på barneskulen. Når ein skal ha bursdagsselskap, inviterer ein alle jentene eller gutane i klassegruppa eller heile klassen. Det er ikkje mogleg å utelate nokre elevar frå fellesskapen. (Tilråding for gåve er verdi 50kr)

Klassekasse:

Grunnskuleopplæringa skal vera gratis. Om dei føresette på eit trinn ønsker det, er det høve til å oppretta klassekasse. Bidrag til klassekasse skal vera anonym og bidrag er dekt av teieplikta. Pengane i klassekassa skal brukast til noko kjekt for fellesskapet i klassen.

Det er kasserer i FAU som opprettar konto og vipps-nummer for klassekassa på kvart årskull.

Klassekontaktane har kontakt med kasserar og får dekt evt. utgifter til innkjøp. Dei som kjøper inn må levere kvittering til kasserer.

Inntekter frå 17.mai

-I 2025 skal det stå igjen 40 000 er oppstartskapital for 17.mai komiteen. Dette skal ikkje førast over. I tillegg skal det haldast igjen 2500 kr pr år til oppdatering av flaggborg og utstyr til 17.mai. Se rekneskap for status.

-Overskotet av 17.mai arrangementet følger 7.trinn til ungdomsskulen.

-Kasserar frå FAU kontaktar FAU ved FUS om hausten, og avtalar overføring.

Nyttige namn og nummer

Rektor: Karen Helene Seppola tlf: 51 77 65 10/ 47234604

Avdelingsleiar 5.-7.trinn: Svein Inge Leikanger 51 77 65 10/ 911 19 058

Avdelingsleiar 1.-4.trinn: Tonje Evertsen 918 27 311

Avdelingsleiar SFO: Olaug Iren Lode tlf: 922 59 299

Skulekonsulent: May Vårli Ree tlf: 51 77 65 10

Sosiallærar: Mia Marianne Haugland

Inkluderingspedagog: Gunn Jane Ualand

Driftsoperatør: Kjell Olav Orre tlf:412 76 639

Informasjon om kven som er klassekontakt og FAU-representantar, finn ein på skulen si heimeside.

Relevant regelverk, nettsider og informasjon:

[Lov om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#) (Lov om grunnskuleopplæring)

[Forskrift om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\) | udir.no](#) (Forskrift til lov om grunnskuleopplæring)

[Skule og SFO - Hovedportal](#) (Time kommune)

[Forskrift om skulereglar for grunnskulane, Time kommune, Rogaland - Lovdata](#)
(Tidlegare- ordensreglement)

[Forside | udir.no](#) (Utdanningsdirektoratet)